

# Del 1: Satsingsområde

*Første del av Ungdommens planprogram er dei prioriterte satsingsområda. Ungdommens fylkesutval har, i følgje vedtekten, eit særskild ansvar for å arbeide med dei prioriterte satsingsområda.*

*Både målet for perioden (del 2) og dei tilhøyrande tiltaka (del 3) utgjer eit satsingsområde.*

## Del 2: Mål for perioden

*Andre del av Ungdommens planprogram er Ungdommens fylkesting sine mål for perioden.  
Dette er overordna mål over kva ungdommen i fylket ønskjer å oppnå.*

(Må tilpassast dei nye målene)

*Kvart år skal Ungdommens fylkesutval rapportere om måla for perioden med informasjon,  
vurdering og forslag til tiltak for neste år.*

# Del 3: Tiltak

*Tredje del av Ungdommens planprogram er tiltak. Denne delen heng saman med måla for perioden (del 2), slik at alle tiltaka er underlagt eit mål.*

*Tiltaka seier noko om kva Ungdommens fylkesutval konkret kan gjere for å oppnå måla for perioden, og vert vedteke for eitt år.*

## Opplæring og helse

UFT meiner at..

1. Studierettleiingstenesta og rådgivingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkjørt studierettleiingsteneste, anonym rådgivarevaluering, og/eller ein rådgivingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieval.

- a. UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengelegheit, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha ein rådgivar med minimum 70% stilling. UFU skal også fremja eit forslag om dette i budsjettet for 2016.

2. Tilbakemelding frå elevar i den vidaregåande skulen er særskilt viktig, og UFT går imot offentleggjering av karakterar i den vidaregåande skulen.

- a. UFU skal ved trong ta kontakt med politikarar for å ta sakene vidare i Opplæring- og helseutvalet.
- b. UFU skal arbeide for at alle elevar i vidaregåande opplæring anonymt skal evaluere undervisningseigenskapane til alle sine faglærarar i løpet av skuleåret.
- c. UFU skal arbeide for at klagerett på vurdering av førstetermin bør vidareførast og innførast på skular der dette ikkje allereie fins.
- d. UFU skal arbeide for innføring av klagerett ved munnleg eksamen.
- e. UFU skal jobbe for at det skal innførast prøveundervisningsperiodar i samanheng med tilsettjing av nye lærarar i den vidaregåande skulen. Ved slutten av perioden skal elevane få mogeligheta til å evaluere læraren.

3. Det skal ikkje leggjast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går utover det eit grunnstipendstipend dekkjer.

- a. UFU skal ta saka vidare til politikarane dersom det er aktuelt.
- b. UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.
- c. UFU skal arbeide for at alt naudsnyt skolemateriell vert dekka av grunnstipendet.

4. Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.

- a. UFU skal arbeide for at dersom ei endring i utdanningstilbodet førekjem skal Hordaland fylkeskommune kontakta dei aktuelle elevane det går utover og ta deira mening med i sakshandsaminga.

5. Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.

- a. UFU skal arbeide for å opprette eit elev- og lærlingombod. UFU kan søkje å samarbeide med Elevorganisasjonen for å formulere eit forslag til korleis det kan gjerast og å spele det inn som eit forslag til budsjettet.

- b. UFU bør jobbe for å sikre at elevane som går på skular som baserer seg på nettbaserte bøker og læringsplattformer får tilbod om lærebøker i alle fag.
- c. UFU skal arbeide for at tilboden om innføringsklassar i den vidaregåande skulen skal dekkje behovet.

6. Fråværsreglementet skal praktiserast likt for alle elevar ved vidaregåande skular i Hordaland. Lovlig grunn for fråvær skal vere rimeleg i samband med elevane sin kvardag.

- a. UFU skal jobbe for at alle elever og lærarar ved dei vidaregåande skulane i fylket skal vere opplyst om, og følgje, gjeldande fråværsreglement vedtatt av fylket, samt at praktiseringa av reglementet skal vere lik for alle.

7. Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket.

- a. UFU skal arbeide for at bruk av tannhelsetenestene ikkje skal medføre store ulemper for ungdom i fylket, slik som til dømes lang reisetid og høge prisar.
- b. UFU skal arbeide for at endringar i klinikksktruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilboden for ungdom.
- c. UFU skal jobbe for å utvide gratis tannhelseteneste ut året ein fyller 20 år, og utvide rabattordninga til fylte 25 år.

8. Dei vidaregåande skulane i fylket skal leggje til rette for sunne matvanar blant ungdom

- a. UFU skal gå i dialog med opplæringsavdelinga og samarbeide med dei om utviklinga av planen for sunnare mat i kantinene ved vidaregåande skuler i Hordaland.
- b. UFU skal be om plass i arbeidsgruppa som skal arbeide med sunnare mat i kantiner ved vidaregåande skuler.
- c. UFU skal aktivt arbeide for at sunnare mat er et punkt i folkehelseplanen når den kommer på rullering.

9. God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.

- a. UFU skal aktivt jobbe for at det skal gis fleire midlar til helsesøstrer, skolepsykologar og miljøarbeidarar.
- b. UFU skal arbeide for at deler av midlane som gis helsesøstrer, skolepsykologar og miljøarbeidarar skal øyremerkes til førebyggande tiltak.
- c. UFU skal arbeide for at det skal fastsettas at alle helsesøstrer skal ha minst 2 årlige samtaler/presentasjonar for kvar klasse der det blir gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjøre for å betre eigen helse.
- d. UFU skal arbeide for at det skal opplysast om den psykiske helsa til lhbt-ungdom, og ha eit fokus på å fremje god psykisk helse blant denne gruppa.

10. Det bør leggjast betre til rette for alternativ undervisning i dei vidaregåande skulane i fylket.

- a. UFU skal be om ein orientering om tiltaket omvendt undervisning frå andre fylkeskommunar og relevante aktørar.
- b. UFU bør fremja eit forslag til Opplæringsavdelinga om ei prøveordning med omvendt undervisning eller anna alternativ undervisning.

11. God fysisk helse blant ungdom i fylket bør fremjast gjennom meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen.

- a. UFU skal be om ei orientering frå Opplæringsavdelinga angåande mogelighetene for meir fysisk aktivitet i skulen.

- b. UFU skal søkje samarbeid med andre fylke for å auke timetalet for faget kroppsøving.

## Kultur og ressurs

UFT meiner at..

1. Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.

- a. UFU skal føreslå førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket til folkehelseplanen.
- b. UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.
- c. UFU skal føreslå innføring av skulefrukt i vidaregåande skule til folkehelseplanen.
- d. UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elever.

2. Kulturtildotet til ungdom skal halde fram og forbetraast.

- a. UFU skal bidra til at kulterkortet og tilboda det gir skal halde fram og utvidast gjennom samarbeid med Kulturavdelinga.
- b. UFU skal jobbe for at det blir fleire kulturtildot i skulen.
- c. UFU kan samarbeide med fylkeskommunen om å styrke, modernisere og gjere museum meir attraktive for ungdom
- d. UFU skal jobbe for at Hordaland fylkeskommune gjennom kulterkortet skal gi ungdom i Hordaland billigare tilbod på aktivitetar og rabattar på for eksempel offentlege symjehallar og store idrettsarrangement.

3. Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.

- a. UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.
- b. UFU skal vere ein aktiv deltarar i Klimarådet.
- c. UFU skal arbeide for meir miljøvenlige fylkeskommunale bygg, med særlig fokus på vidaregåande skular.

4. Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.

- a. UFU bør samarbeide med fylkesbibliotekaren for å fremje meir ungdomsvenlige bibliotek.

5. Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengelig for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.

- a. UFU skal føreslå ein auka post i budsjettet til dette.

## **Samferdsel**

UFT meiner at..

1. Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjøre kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.
  - a. UFT meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskyss for vaksne per månad.
  - b. UFU skal jobbe for at det skal vere studentrabatt på all kollektivtransport i fylket, samt at den skal gjelde uavhengig av reisetid og reiselengde.
  - c. UFU skal jobbe for at barnepris på kollektivtransport i fylket skal gjelde til fylte 18 år.
  - d. UFU bør ta sikte på å korte ned grensa for SkuleSkyss.
  - e. UFU skal jobbe for at ungdomskortet gjelder både lokaltog og regionaltog innanfor fylket.
  - f. UFU skal arbeide for gratis internett på kollektivtransport i fylket.
  - g. UFU skal arbeide for at det skal utformast éin ny skyss-app med alle funksjonane til dei noverande appane samla.
2. Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetra. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.
  - a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angåande korleis avganger er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avganger leggjast opp.
  - b. UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket, med særskilt fokus på avganger i distrikta, tilpassa skuletider og korrespondanse mellom avganger, både innanfor same transporttype og på tvers.
  - c. UFU bør snakka med skyss om endring av busstider mellom Bergen og Voss med tanke på dagens situasjon der buss og tog går samstundes.
  - d. UFU skal jobbe for at nattbuss tilbodet i fylket skal både opprettast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.
  - e. UFU skal samarbeide med ungdomsråd i fylket for å kartleggje behov for utbetring av kollektivtransport og spele dette inn til Samferdselsavdelinga.
3. Utvidinga av ordninga Trygt Heim skal halde fram, og UFT ynskjer at den skal gjelde i heile fylket og til utvida klokkeslett.
  - a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angåande Trygt Heim og planar rundt dette.
  - b. UFU kan fremje forslag til endringar dersom det er aktuelt.
4. Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.
  - a. UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angåande trafikksikring for ungdom.
  - b. UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trøng.

## **Eigen organisasjon**

UFT meiner at..

1. Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.
  - a. UFU skal fremje eit nært samarbeid med dei ulike avdelingane og utvala i Hordaland fylkeskommune.
  - b. UFU skal sjå til at det er ein kontaktperson i utvalet til dei tre politiske utvala i HFK; Kultur- og ressurs, Opplæring- og helse og Samferdsel.
  - c. UFU skal førebu seg til alle møta og halde seg oppdatert om kva som er aktuelt for ungdom.
  - d. UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meinig.
2. Kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø.
  - a. UFU skal hjelpe med oppretting og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.
  - b. UFU kan utarbeide og formidle ein brosjyre til hjelp i arbeidet i eit ungdomsråd/ungdommens kommunestyre.
3. Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom og gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse.
  - a. UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saka.
  - b. UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.
  - c. UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Nasjonalt ungdomsråd.
  - d. UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan i dei ulike medverknadsnivåa.
4. Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.
  - a. UFU skal utarbeide ein betre heimeside med meir informasjon.
  - b. UFU skal leggje ut minimum fire sakar i månaden.
  - c. UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, på fylkeshuset, kulturmönstringa, osv.
  - d. UFU skal ha minst seks sakar i media i løpet av 2014.
  - e. UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.
  - f. UFU skal presentere seg og sakane til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2014.

5. Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særskilt viktig.

- a. UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.
- b. UFU skal ein gang i året arrangere ein dialogdag for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der dei presenterer seg for råda og forklarer kva UFU arbeider med.
- c. UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre gjennom ein kontaktpersonordning.